

# Årsberetning

## Stiftelsen Fjelberg Prestegård

2008



*Prestegården med flaggstang og hageport, rundt 1900.*

# Et nytt styre tar nye utfordringer!



Noen av styremedlemmene samlet i Mellomstuen 6. november 2008.



et var i 1982 Fortidsminneforeningen utpekte Fjelberg prestegard som pilotprosjekt for ny bruk. Truls Grung satt den gang i Hovedstyret i Fortidsminneforeningen og med lokal tilknytning til stedet hadde han lenge kunnet se hvordan forfallet hadde grepet om seg. Eføyen vokste frisk og grønn like meget langs veggene utvendig som inne i Hovedhuset. I flere av husene var takene lekk. Grung satte seg i spissen for en rednings- og restaureringsaksjon. I 1984 ble taket på Bispestove lagt om, takket være nødhjelp fra Kvinnerad kommune.

Stiftelsen Fjelberg prestegard ble opprettet som ideell stiftelse i 1987 og et omfattende arbeid for restaurering og ny bruk tok til. Miljø- og Kirkedepartementet hadde omsider lagt 800 tusen kroner på bordet og Hypotekforeningens Fond og O. Kavlies Almennyttige Fond hadde hver støttet med 100 tusen kroner.

Frem til i dag er det lagt ned i underkant av 5 millioner kroner i det fredete anlegget – men ennå gjenstår det utfordringer.

Etter 20 år som styreformann for Stiftelsen mente Truls Grung det var riktig å slippe nye krefter til. Leif Kahrs Jæger tok tidlig i

beretningsåret over som formann. Som advokat og nå også medlem av Hovedstyret i Fortidsminneforeningen har han med entusiasme tatt fatt på oppgaven. Med seg i styret har han landskapsarkitekt Arne Sælen, sjefskonsulent for Bergen Kunstmuseum Knut Ormhaug, leder for Halsnøy Samfunns- hus Arve Fosse, konsulent Ingve Berge, Rolf Arne Birkeland og Anders Nordhus, som representerer Fjelberg Bygdelag. Et godt team.

I løpet av året har styret, foruten arbeidet med en strategiplan, oppdatert og revidert restaureringsplanen frem til 2015. Stabburet har i 2008 fått ny svill og ekstra støttepunkter etter råteskader i østveggen mot bakken. Huset er jekket opp 30cm og taket er omlagt med nytt sutak. Etter 24 år har vi dermed avsluttet prosjektet med omlegging av takene på åtte av anleggets ni bygninger. En milepel!

Inspeksjonsluken i grunnmuren på hovedhuset (mot syd) er ferdig.

Det er installert ny 800 liters vanntank i kjelleren i Hovedhuset for å sikre tilstrekkelig vann i perioder med stort forbruk.




*Prestegården på 1800-tallet med Stabburet på opprinnelig plass og vindfang til kjøkkenet før det ble revet i 1930-årene.*

Blant de store utfordringene i årene fremover er gjenreising av det tidligere vindfang og lager på nordsiden av Hovedhuset og planlegging av et sprinkleranlegg.

Vi skal prioritere utviklingen av prestegården som refugium for bildene kunstnere, musikere og forfattere. De to andre målgruppene er lokale arrangementer (slektsstevner, konserter, utstillinger o.l.) og kurs/konferansesenter.

Et viktig spørsmål vi løpende må ta stilling til er balansen mellom ønsket om økte inntekter og vern av et viktig fredet nasjonalt kulturminne. Vi må være våken for nye brukergrupper nasjonalt og internasjonalt.

I forhold til økonomi skal leve-regelen fortsatt være å «ta tæring etter næring». Stiftelsen har ingen gjeld og en sunn økonomi. En viktig posisjon i krisetider.



*Plantegning og fasade av vindfanget på nordsiden av Hovedhuset, oppmålt av arkitekt Per Grieg 1927*



*Stabburet ble hevet 30 cm etter at de gamle takhellene var tatt ned.*



*Oppjekkingen av Stabburet bod på store utfordringer. I bakkant var svillen helt smuldret opp.*

# Restaureringen av Stabburet var et stort løft



3/4 av taket har her fått nytt sutak og plater.



Ingemund Gjærde er en dyktig håndverker.



Det måtte sikres mot regn.



Alle hellene ble merket og lagt tilbake på opprinnelig plass.



*Stord Sogelag hadde leiet veteranbåt for at 35 av medlemmene skulle få omvisning i prestegården*

## ▶▶ Et viktig møtested

PÅSKETREFFET skjærtorsdag, med kaker og kaffe for lokalbefolkning og feriegjester, er blitt en tradisjon og lotteriet som ungjentene Signe og Amanda stod for innbrakte hele 1750 kroner i kassen. Det er ny rekord. Pengene ble senere brukt til innkjøp av to hagebenker og nytt vaffeljern. Praten gikk livlig rundt bordene og senere ble det orientert om siste årets begivenheter og fremtidsplanene.



*Truls Grung gjennomførte 18 omvisninger i løpet av 2008.*

I slutten av april arrangerte vi to store arrangementer. Først omvisning og middag for spreke deltagere fra **KVINNHERAD TURLAG** og noen dager senere omvisning og servering for **KVINNHERAD SOGELAG**. Det tradisjonsrike **PINSESTEVNET** samlet rundt 120 personer i midten av mai. Senere i mai var det **KONFIRMASJONSFEIRING**. Seminar for **HELSE FONNA** er også blitt tradisjon. I tilbakeblikk ser vi at fra midten av mai til ut august var det nesten ikke en dag uten aktivitet i prestegården. Slik var det også i 2007.

I juni arrangerte **STORD KOMMUNE** møte for 30 rektorer og ansatte i barneskolen – kombinert med lunsj og omvisning. **STEINERSKOLEN** hadde sin 14. ukessamling med botanikk og sangøvelser. Et **LITTERATURSEMINAR** med utgangspunkt i Torborg Nedreaas sin bok «Musikk fra en blå brønn» samlet 24 deltagere. I midten av måneden var det **SOMMERKONSERT** i kirken hvor Knut Inge Røen fremførte sanger av Jim Reeves – etterpå var det kaffe og kaker i prestegården for de 122 fremmøtte. I slutten av måneden var prestegården ramme for stort bryllup – det første av i alt **TRE BRYLLUPER** i løpet av året. Sommeren gikk med en rekke omvisninger og feiring av merkedager.



*Representanter for Bergen Group som hadde møte i Almuestuen. F. v.: Roger Simmenes, Tom Jensen, Rune Skarveland, Magnus Stangeland, Jan Yttredal, Sebjørn Madsen og Pål W Lorentzen.*

I august hadde **BERGEN GROUP** et dagsseminar. Senere i måneden sørget vi for omvisning for 61 elever ved **HALSNØY FOLKEHØGSKULE**.

**SIGURD ENDRESEN**, som hadde sine barneår som lensmannssønn på øyen etter krigen, var på omvisning og overnatting. Han har skrevet flere artikler om lokalhistorie, som presenteres lenger bak i denne beretningen.

31. august var det **SOGELAGET PÅ STORD** som kom på besøk med innleiet veteranbåt – med omvisning for en stor og vitebegjærlig forsamling ble de værende langt ut over planlagt tid! I september ble det arrangert seminar for en bred samling av ansvarlige for **KULTURINSTITUSJONENE I BERGEN** og på slutten av måneden feiret våre viktige lokale medhjelpere – Jon og Even Landa – sin **50 ÅRS DAG** med nesten 50 gjester. Året fikk bl.a. en fin avslutning med adventsfeiring i prestegården for barn og voksne knyttet til **BREKKE OPPVEKSTSENTER**.



*Det ble en våt omvisning for 61 elever og lærere fra Halsnøy Folkehøgskule i slutten av august.*



*Representanter for kulturinstitusjonene i Bergen hadde samling i prestegården i september.*

*Bak fra venstre: Pål W. Lorentzen, Festspillene i Bergen, Gert A Gundersen, Grieghallen,  
Per Boye Hansen, Festspillene i Bergen, Oddmund Søylen, Den Nye Opera,  
Sten Cranner, Bergen Filharmoniske Orkester, Stein Olav Henrichsen, Den Nye Opera  
Foran fra venstre: Ragna Aarli, Den Nationale Scene, Anniken Thue, Kunstmuseene i  
Bergen, Siren Sundland, Visjon Vest.*

*I tillegg var følgende deltakere på seminaret, men dessverre ikke tilstede når bilde ble tatt:  
Ole Berrefjord, Den Nationale Scene, Sven Åge Birkeland, BIT Teatergarasjen,  
Tone Tjemsland, Carte Blanche, Bruno Heynderick, Carte Blanche*



▶ ▶ Litteraturseminar i juni tok utgangspunkt i Torborg Nedreaas sin bok  
«Musikk fra en blå brønn»

utdrag fra boken «De ti sannheter» av Åsfrid Svensen (*bakgrunns litteratur*)



Ingrid Nielsen var foredragsholder

**Svært mye** av Herdis' utvikling i *Musikk fra en blå brønn* er bestemt av hennes forhold til foreldrene og deres nye partnere og av de innbyrdes relasjonene mellom disse fire voksne. Herdis opplever de voksnes og især moras hemmeligheter og løgner som onde gåter; og disse gåtene leder fram til skilsmissten. Men også etter samlivsbruddet er de voksne i ubalanse, og deres ustadige og uberegnelige oppførsel mot Herdis fører til stadig nye kriser og ofte dramatiske situasjoner. Et nytt vendepunkt kommer mot slutten da Herdis flytter fra faren til mora og Elias. Hos stefaren finner hun en støtte og omsorg som faren aldri har gitt henne. Skjønt forholdet til mora fortsatt er konfliktfylt er Herdis mot slutten av romanen bedre rustet til å ta imot nye gåter i møtet med det voksne livet som hun snart står på terskelen til i sin egen utvikling.



Lyssiv/knappsiv.  
Ill: Ville planter i Norge.



I tilknytning til seminaret ble det foretatt ekskursjon til Romsa, hvor prof. i botanikk, Peter Emil Kaland demonstrerte tradisjonen med utnyttelse av lyssiv/knappsiv (veikgras). Det var barna på gården som i gamle dager hadde oppgaven med å lage veke til tranlamper og talglys av det luftfylte vevet som fyller det hule strået.



## ▶▶ Administrasjon

---

Det ble holdt to styremøter og en rekke enkeltkonsultasjoner i beretningsåret.

Samarbeidet med sognerådet og kommunen fungerer godt. Det har vært avholdt møter med brannteknisk ansvarlig i kommunen og feier.

Ingemund Gjærde har vært engasjert til restaurerings- og løpende vedlikeholdsarbeider.

Jorunn Landa har sørget for vasking og

rent sengetøy. Jane Nordhus og Oddny Tofte har klippet gress.

Even Landa er tilsynshavende for Stiftelsen. Truls Grung har fungert som daglig leder og restaureringsansvarlig.

I 2008 har styret bestått av Leif Kahrs Jæger (formann), Arne Sælen, Arve Fosse og Rolf Arne Birkeland, med Knut Ormhaug, Lars Hvidtsten, Ingve Berge og Anders Nordhus som varamenn.

## ▶▶ Økonomi

---

Hordaland Fylkeskommune ga i beretningsperioden et driftsbidrag på kr. 125.000 mens bidraget fra Kvinnherad kommune var på kr. 40.000. Bidraget fra egne arrangementer og leie utgjorde kr.123.365 netto.

Til restaureringsarbeidet ga Vestenfjelske Bykredits Fond kr. 75000, Grieg Foundation ga kr. 75.000 og J.C. Dahls Minnefond ga kr. 35.000. Videre ga Fylkeskommunen,

gjennom staten, et tilskudd på kr. 50.000. I 2008 er det investert 266.000 kroner i restaurering og vedlikehold. Stiftelsen har god likviditet.

Boken «Sunnhordland i gamle dager» ga i løpet av året et bidrag på kr. 14.637, som avsettes til et fremtidig planlagt bokprosjekt om prestegården på Fjelberg.


# Gaver

Det gamle kirkeorgelet fra 1910 skal få sin plass i Bispestova

Fjelberg Kraftlag har lagt fiberkabel frem til prestegården og vil i løpet av neste år sørge for gratis oppkobling.



Orgelet er en gave fra Sydnesstrand indremisjon



Nederst: innsamlingsbrev fra Salem Ev. Free Church, Chicago, 1910

Chicago, Ill. 28de Nov. 1910.

Følgende personer har bidraget til Orgelfondet

-for-

FJELBERGSKIRKE, KONGSVIK	
Halvor Torsteinson Eyrsson	Semva Baardson Vik
Fader - " - - - - -	Marie Danielsen Vik
Lars - - - - -	Martha Sydnes
Kartin - - - - -	Britha - - - - -
Chetsten - - - - -	Christina - - - - -
Ingevi Foretredatter Sebe	GURI - - - - -
Thor Olsen Sebe	Simon B. Bjellebø
Anna Karine Aksdal	Tjervad J. Svrebe
Kaamus Samsonson Bjellebø	Gurine G. Vik
Ingbrikt Olsen Bjos	Paul O. Nordhus
Olina Aske	Askel O. Nordhus
ASNA Aske	Barbro A. Nordhus
Semva Endredatter Bjellebø	Knut Larsen Ejevalgen
Knut Mathisen Svrebe	Lara Paulsen Kjiike
Lars Thorsteinson Sebe	Sagna Larsen Kjiike
Joe Danielsen Vik	Siri Sydnes
Daniel Danielsen Vik	Lara L. Sydnes
Sten Torsteinson Sebe	O. L. Sydnes
Britha T. Sebe	O. L. Arnevik
John J. Rasmø	R. A. Arnevik
Sohne K. Svrebe	Britha Sydnes
Martha Marie Eriksen UOBo	Inger Nordhus
Emma Baardson Vik	Hanna Bjellebø
John O. Nordhus	Ingeborg Aksdal

Chicago, Ill. 28de Nov. 1910.

Mr. Berne O. Nordhus:-  
Gods Ven.

Saa De maaske ved, har jeg etanset i spidsen for en indsamling til et orgelfond for Fjelbergskirke blandt vort bygdefolk her i Amerika. Resultatet har ikke blevet, hvad jeg ventede det skulde blive, men da her nu er ganske længe siden jeg begynte denne indsamling, vil jeg nu fremsende, hvad jeg har faaet ind. Det vil komme i Samoo-brev til Dem. Jeg tager mig frihed til at sende det til Dem, da jeg fortaar, at De er kirkeverge. Jeg vilde have sendt disse penge før, men jeg har indtil fornylig ikke vidst til hvem jeg skulde sende dem. Nu ved jeg heller ikke nogen, som det vilde være mere passende at sende dem til, uden til Dem. Beløbet som jeg har indsamlet er ialt \$125.00, hvilket bliver i ganske penge, ertor omkostningerne er fargjorte \$r. 210.00. Listen over alle bidragsgivere vedfølger.

Jeg skal saa bede Dem være saa snil at kvittere for dette beløb i "visaerguiten". Adressen er: Story City, Iowa, North America. Om De vilde kjæde dette, saasagt: De modtager penge, vilde jeg være Dem meget taknemlig, da jeg vil, at alle skal vide, at deres gave er freemkommen.

Jeg vil ogsaa med det samme saa sigtet disse penge ikke kan bruges for noget andet end til et orgel for kirken derhjemme, da de er indsamlede for dette or indst andet. Maaske I nu saa kjøbt et mindre orgel for denne pris, og maaske der kan findes en derhjemme ogsaa, som vil stykke til list, og det var natronligt.

Var da snil og overforing denne gave til menigheden derhjemme

ting fra os som værdede ud fra vor fjoeshygdien som ikke har et bygdin eller vort folk derhjemme. Vi ønsker at orglet snart som gamle kirke og blive rengheden til velsignelse og Gud

sa saa Herren tilfallet fra gamle os i den freletes menighed ore dag for mit navns skyld.

Ind mægen tilsen er jeg

Deres hengivne ven

*Christen F. Sydnes*

har optegnet navnene i den orden, som de har indsendt sine Det var mit tank, at jeg vilde have navnene saa alle givere et i en plad og haet dem med saa orglet, men da dette er forbundet s saa lidt om kostning, og summen, som kan ind ikke er stor, besluttede i til at lade dette være. Det er muligt, at her er flere ordne, som mere med at gte. Naar De sender ind kvitteringen til bladet for sun, som jeg sender Dem, kan De godt opfordre flere at sende sine bidnd for denne sænd. Kommer her mere til sig, skal jeg sende det. kal ogsaa bede om være snil og sende mig en kvittering privat, som naer at have fr remskabets skyld.

672.

Venting på  
skuleskyssen  
på preste-  
brygga i 1947:  
Frå venstre:  
Sigurd Endresen,  
Sverre Selle og  
Inge Olav  
Aarseth



## Barndomsminne frå Fjelberg 1947-49

*Sigurd Endresen*

Saman med foreldra mine, Tordis og Harald Endresen, og to yngre søstre, Siri og Mari, hadde eg gleden av å få bu på Nordhus på Fjelbergøy frå byrjinga av 1947 til slutten av 1949. Eg var godt og vel 6 år då vi kom dit frå Førde (i noverande Sveio kommune) og 9 år då vi flytte derifrå til Ølen. Far var lensmann i Fjelberg lensmannsdistrikt, som omfatta dåverande Fjelberg og Ølen kommunar. Fjelberg-tida var viktig i min oppvekst, ikkje minst for di eg var så stor at interessehorisonten vart utvida frå heim, nære granar og nær slekt til grend, skule, bygd og jamvel bygdelag. Tida var også interessant i Fjelbergøys historie for di ho førde med seg ein kraftig reduksjon av busetnaden på øya (frå 60–70 personar) og ikkje minst fråflytting av den siste **familien** i prestegarden der. Ein 6–9 årings opplevingar vil sjeldan ha stor vekt i lokalhistorisk samanheng, men på oppmoding vil eg likevel nemna nokre inntrykk og minne som for meg vart sentrale. La meg leggja til at dette er eit utval. Personar og hendingar som var viktige for meg utan å ha den minste allmenne interesse, er ikkje tatt med.

### **Lensmanns-«garden»**

Far hadde lensmannskontoret i bustadhuset, som vi leigde frå Fjelberg kommune. Han hadde to lensmannsbetjentar. Den eine (Ådne Skålnes frå Ølen) var ugift og budde på hybel i det store Jespersen-huset på Nordhus. Den andre (Ingvard Berge frå Vestre Vikebygd) hadde familie og budde i eit hus like i sjøkanten på Vik på Borgundøy. Lensmannen eller ein av betjentane hadde kontordagar kvar månad i Ølen og i Sæbøvik. Til reising nytta far stort sett «Rex», ein motorbåt med eige styrehus og «salong» eller kahytt framme. Båten var kjøpt brukt i Haugesund, var fin å sjå på, men hadde ein upåliteleg motor. Far reiste derfor aldri utan å ha ein robåt på slep. Det skulle vera redningsbåten ved motorstopp i ruskever. Slik eg hugsar det, var det sjeldan folk på besøk på lensmannskontoret. Kommunikasjonsmessig låg Fjelbergøy ulagleg til, og folk laut derfor venta på kontordagar i meir sentrale deler av distriktet eller skriva brev. Den tekniske kvaliteten på telefonsamtalane var ofte dårleg. Den vanskelege plasseringa

hadde elles ein føremon. Skattefuten frå Bergen, som eigenleg skulle koma på uventa besøk for å kontrollera rekneskap og kassar, måtte alltid varsla i god tid, slik at far kunne henta han på kaien på Borgundøy. Futen, herr Haukenes, klaga seg ofte over at han dermed ikkje kunne halda instruksen slik han burde. Kvar vitjing var elles ei påkjenning for meg: Futen budde og åt hjå oss og hadde ein liten talefeil: Han kunne ikkje seia Tittelsnes (som då var eit trafikknutepunkt), det vart alltid «Tisstilnes»! Ved middagsbordet ein dag kunne eg ikkje halda att: Eg spruta ut i lått. Futen og far min let som dei ikkje merka nokon ting.

Vi hadde aldri hund, men alltid katt. Kattane døydde så snart dei vart vaksne på grunn av ei merkeleg «kattesjuka», som såg ut til å øydeleggja magen og fordøyinga. Til sist hadde vi borna 3 kattegraver, kvar med ein heimelaga, liten trekross, under eit morelltre oppe på «Biehaugen», (der den tidlegare lensmannen, Jakob Johnsen hadde hatt ei stor samling av bikuber). – Sølvi, ein av kattane greidde elles å laga lokal kyrkjehistorie. Ein sommar-»weekend» var heile familien vår bortreist eit par dagar. Vi hadde sett fram rikeleg med mat til katten. Men anten vart det for lite, eller så sakna katten folk. I alle høva byrja Sølvi å vandra kring på øya og kom heilt ned til kyrkja. Der var det brurevigsling. Den vesle kjetta kom seg inn i kyrkja og spankulerte roleg oppover midtgangen mot bryllupspar. Nokre meinte jamvel at ho hadde sett halen rett til vers. No var ho endeleg komen til folk! – Vi høyrde aldri noko frå presten, men ei grannekone hadde kjent att katten og gav oss referat. Vi tykte det var fælt leitt. Einaste trøysta for oss og truleg for bryllupspar var at katten var gråspraglet og ikkje svart.

## Prestegarden

I prestegarden var det fire born, tre gutar og ei gjente. Den yngste guten, Inge Olav, var jamgamal med meg. Vi hadde god kontakt. Prestefrua, Judit Aarseth, var svært

omsorgsfull. «Farmor», enkefru Aarseth, var energisk, praktisk og mest alltid i godt humør. Bustadhuset var gammalt og vel også trekkfullt. Til lys vart det nytta parafinlampar, og eg hugsar serleg ein svær lampe som hang frå taket i den vesle daglegstova. Han lyste godt og varma attåt. Vi borna prøvde av og til å herma etter «farmors» trønderdialekt: «De' blir itj varmt i prestgaren før vi får tent lampa!» Elles var det stundom ein litt friare og meir avslappa stil i prestegarden enn i lensmanns-»garden». Eg merkte meg serleg at dei to eldste gutane, Sverre og Asbjørn, kunne stå bak ryggen til faren medan han sat og las avisa, og såleis studera sidene saman med han. Eg prøvde å gjera det same heime, men det vart ingen suksess.

Prestegarden var på fleire måtar eit sosialt sentrum. Ved serlege høve vart det varma opp i dei to storstovene, og bygdefolk vart inviterte. Eg hugsar serleg ein juletreffest for born der presten Aarseth sjølv var med og leika «Kongen befaler» med oss. Leiken hadde form av instruksar om å gjera gymnastikkørslar. Poenget var at ein straks skulle utføra instruksen når han starta med orda «Kongen befaler», og elles slett ikkje. Dei som ikkje greidde å skilja i dette, måtte gå ut av leiken. Eg trur at eg skjønna poenget rimeleg raskt, men jamvel om kongebefalinga vanta, var presterøysta så sterk og myndig at dei små armane mine fauk i veret av seg sjølve straks eg høyrde «Armer oppad strekk!». – Ved eit anna høve var det besøk av ein mann som hadde vore misjonær i Kina. Han fortalde levande og interessant derifrå for vaksne og born, og eg vart serleg fascinert av at den dyrebare silkeormen hadde vorte smugla ut av landet i ein hol stav. Då eg som mogen mann fann ein liknande smuglarstav på ein marknad i Colombia, kunne eg ikkje halda meg: Eg **måtte** ha han.

Kort tid etter jul vart det kvart år organisert juletreffest i «bispaståvo». Slik eg hugsar det, vart alle, både unge og gamle, på øya inviterte. Eg trur at mor hadde med ei formkake, og det gjaldt truleg også for andre

husmødre. Opplegget elles låg i hendene åt presteparet. Presten heldt eit år eit kåseri om ein stipendtur som han hadde gjort til England. Eg hadde lese Snorres kongesoger og slukte med intens interesse alt han sa om eit privat besøk til Stanford bru, der Harald Hardråde hadde falle. Det var også meir humoristiske innslag. Presten hadde merkt seg at far ikkje hadde politiuniform, og meinte at han i det minste burde ha eit synleg politiskilt på jakka. Far fekk dermed overlevert eit «skilt» med ein nisse som stod inne i ein kvit sirkel! Denne nissen har sidan gått i arv som eit lite klenodium i familien vår. Det var gang rundt juletreet, men ikkje dans. I tidlegare tider var det verkeleg dans på julefestar i bispestova! Niels Juel d. e. har skildra ein slik fest i dagboka si for åra 1848–51, jfr. «Sunnhordland årbok» 1997–2000. Vi fekk i Ølen høyra at tradisjonen med julefest i bispestova dessverre fall bort då Aarseth-familien reiste.

Prestefamilien hadde eigen motorbåt, noko mindre enn vår, og vi vart inviterte med på turar. Eg hugsar ein badetur til Møllevik på Borgundøya, der eg endeleg «sleppte meg» og greidde å symja utan korkbelte. Serleg stas var det å få vera med i båt til Halsnøy Kloster, der det var stor speidarleir for Vesterlen krets, truleg sommaren 1948. Etterpå vart begge huslydane spontant inviterte inn til flott kveldsmåltid hjå Nils Juel (soneson av ovannemnde N. J.) og kona Olaug i det store våningshuset, som no er museum. Vi var alle imponerte over den framifrå oppdekkinga. (Det var framleis matvarerasjonering i landet.) Sidan har det slått meg at det i generasjonar hadde vore nær kontakt mellom Juel-familien og prestefamiliane på Fjelbergøy, og at Juel-paret såleis gjorde kva dei «alltid» hadde gjort.

Våningshuset på prestegarden er kjent for at det skal spøkja der. Eg kan ikkje hugsa at vi høyrde ymt om det i dei åra vi budde på øya. Då eg flytte til Ølen, fekk eg etter nokre år høyra at det kunne koma gråt som frå ei unggjente inne i ein vegg i prestebustaden. Fantasirike folk meinte at ei teneste-

gjente ein gong for lenge sidan hadde kome «i ulukka» og hadde drepe først barnet og deretter seg sjølv. Eldste søster mi, Siri, hugsar at det mellom borna var snakk om eit spøkjelse i bispestova. Det skulle stundom visa seg ved midnattstid. Einar Nordhus, då ein ung kar på ca. 25 år, og ein kamerat prøvde ein gong å overnatta i stova, men merka ingen ting.

Det einaste litt uhyggelege som eg sjølv hugsar, kom frå Kristoffer Tvete («Tveitaen» i dagleg tale). Han budde på Eide på Parisneset, ein tidlegare husmannsplass under prestegarden, og arbeidde m. a. som vegvaktar. Han fortalde far at han ved graving i myrlendt jord ein gong hadde kome over menneskelik som var så vel bevarte at han vart skræmd. Eg har sidan ofte tenkt at det kan ha vore restar som likna på dei over 1000 år gamle «myrmenn» som hadde vorte avdekte i Danmark. Eg forstod far slik at Tvete hadde funne desse restane ein stad på øya, men eg veit ikkje om det var i samband med vegvaktararbeidet. Kanskje var det slik, då far var hans føresette på dette feltet. Eg trur far rekna med at Tvete hadde kome inn på ein liten del av ein gamal kolerakyrkjegard.

## Sverre Aarseth

Presten Sverre Aarseth var, slik eg hugsar han, ein levande og karismatisk person med gode replikkar og stor humoristisk sans. Han sat i tysk fangenskap i Noreg under siste delen av den andre verdskrigen. Han vart vald til ordførar i Fjelberg kommune i 1946.

Mitt første møte på tomannshand med presten hadde eg berre nokre få dagar etter at eg kom til øya i januar eller februar 1947. Eg var på veg ned til Fjelbergsundet, og vegen førde den gongen gjennom sjølv prestegardstunet. Aarseth gav seg i prat med seksåringen og spurde om eg ville koma inn og leika med Inge Olav. Eg svara så godt eg kunne, at eg hadde viktigare ting å gjera: Eg skulle ned til sundet og sjå



«Leser-bildet 1943»

1. rekke f.v.: Bjørg Vålstad, Kari Viland, Aslaug Hansen, Gudrun Nygård, Randi Espeland, Konstans Strømø, Sigrun Øvrehus, Gudrun Lothe, Anna Vik, Olga Vaka, Birgit Strømø og Matilde Vaka.  
 2. rekke f.v.: Kåre Hegland, Sigmuns Strandheim, Annlaug Vatna, Klara Beate Haraldsen, Helga Brekke, Judith Børheim, Sverre Aarseth, Emma Helgesen, Oddny Bakke, Torhild Klungland, Inger Digernes, Bernhard Vaka og Kåre Opheim.  
 3. rekke f.v.: Audun Gundersen, Ingolv Hauge, Bjarne Haugland, Audvin Frøsdal, Magne Milsen, Harald Heggebø, Torgils Klungland, Johannes Romsø og Bjarne Eide (Dørheim)

Magne Nilsen, Ølen, som er på 1943-bildet opplyser til meg at det var ingen spesiell anledning for å ta fotografiet. Dette var det tradisjonelle «leser-bildet» som ble tatt hvert år. De som var med, kunne få kjøpe fotoet for en rimelig pris. Skikken holdt seg i årevis. Jeg kan således huske at det ble tatt et lignende konfirmantfoto da jeg selv ble konfirmert i Ølen høsten 1954. Konfirmasjonsalderen var normalt 14 år, og det er årsaken til at noen ser litt barnslige ut.

meg ut fiskeplassar til sommaren! – Presten fortalde episoden med ein munter smil til mor og far og la til at Sigurd kunne verta ein framifrå langtidsplanleggjar!

Far, som alltid var ein grundig og systematisk person, vart imponert over Aarseths evne til å «snu seg rundt på ein femøring». Ein morgon skulle far med motorbåten sin til Ølen, og på veg ned til sundet møtte han presten. Aarseth skulle eigenleg også gjera ei tenestereise til Ølen, og han spurde om han kunne få «sitja på». Han måtte berre barbera seg først. Far svara at det kunne la seg gjera, men han hadde svært lite tid og måtte dra om berre fem minuttar. Aarseth sa at det var greit. Fem minuttar seinare

stod han på brygga, nybarbert og med dokumentveske i handa!

Far hadde også merka seg at presten respekterte maktodelingsprinsippa i det moderne samfunnssystemet. På vegner av soknerådet sende han ein gong ein søknad om ei lita pengeløyving til Fjelberg kommune. «Alle» rekna med at det skulle gå greitt, «for presten er jo sjølv ordførar». Undringa blant bygdefolk var stor då det kom eit svarbrev, visstnok underteikna av Sverre Aarseth sjølv, med blankt avslag. Far undra seg ikkje.

Etter at eg var komen til Ølen, fortalde ein av Aarseths konfirmantar der om ei roferd som presten gjennomførde frå Fjelberg-

sundet til det gamle bedehuset på Vaka før eller under den andre verdskrigen. Der skulle presten førebu konfirmantar frå Ølen, Ølensvåg, Haugsgjerd og Bjoa. Dagen hadde starta som ein fin sommardag med varmt solskin, men det skya til, og litt seinare styrtregna det. Konfirmantane hadde sykla til Vaka, og nesten ingen hadde regntøy, så dei var stort sett gjennomvåte. Men presten sjølv kom turr og fin i kleda, jamvel om han heller ikkje hadde regntøy. Med ein smil spurde han om dei kunne seia korleis han hadde greitt dette. Ingen av dei unge hadde noko vitug svar, og Aarseth måtte til sist fortelja korleis han hadde bore seg åt: Då regnet kom, hadde han tatt av seg kleda, rulla dei fint saman, lagt dei under tofta og roleg halde fram med roinga!

Også av folk som ikkje rekna seg som serleg religiøse, fekk eg i Ølen høyra at dei hadde sett stor pris på Aarseth. Han var ein frisk og «likande» mann. Dette viste seg også då prestefamilien flytte til Aurland i Sogn i 1949. Ein mann på Bjoa gav Aarseth ein flott, handlaga fartøymodell. «Tveitaen» og kona Tea skal ha kome roande til prestegarden med ei fin, rosemåla kiste. Presten viste også på si side at han sette pris på bygdefolk. Under ein avskilsfest hjå Svanhild og Christi Jespersen gav han eit godt trollgarn til gratis utluting der blant alle menn på Fjelbergøy. Det høyrer kanskje også med at Aarseth mange år seinare skal ha døydd medan han var på veg til privat sjukebesøk til ein Fjelberg-bu på Haukeland sjukehus i Bergen. Det gjaldt Erik Landa, fartøyeigaren som hadde frakta Aarseth med familie og flyttegoods frå Fjelberg til Aurland.

## Barneskulen

I det året vi fylte 7 år, måtte vi avstad til folkeskulen på Brekke på Borgundøy tre dagar i veka. Skulen byrja klokka 09:00, men vi måtte møta på prestebrygga ved sundet alt klokka 08:00 for å verta frakta over til Sjøstova i robåt eller motorbåt. Det var ingen ufarleg skuleveg for småborn. Ein

morgon då søster mi og eg stod på brygga og venta på skuleskyssen i vide regnfrakkar, vart vi tekne av ei vindråse og førde ut mot bryggekannten. Heldigvis spakna vinden like brått som han kom.

Vi hadde ein god lærar, men han hadde inga lett oppgåve. I klassen var det ein gut med Downs syndrom og lærevanskar. Han var sosial og snill, men temperamentsfull. Han hadde alltid varme hender, truleg på grunn av eit altfor raskt stoffskifte, og det var gildt å få halda han i handa på skuleveg på kalde vinterdagar. Men ein dag litt etter at eg var flytt til Ølen, gjekk det galt for han. Han vart arg på ein medelev og køyrde kniven sin inn i akterpartiet hans. Det vart utvising og opplæring heime deretter. – I klassen hadde vi også ei stillfarande jente med ein fysisk skavank: Ho hadde open gane og kunne derfor ikkje snakka klårt. Ho hadde normalt gode evner, men hadde fått kontaktvanskar og var nervøs og ottesam på grunn av sitt fysiske lyte. Eg har seinare ofte tenkt at samfunnet etter vår tids kriterium gjorde urett mot begge desse borna. Men ein skal også hugsa at dette ikkje var olje-Noreg, og at det var svært små ressursar å setja inn. Dette var også ei tid då folkeskulen i bygde-Noreg ikkje hadde like høge målsetjingar som skulen i byane.

17. mai feiringa gjekk føre seg på og ved plassen utanfor skulehuset. Det var m. a. potetløp og hurtigløp for vaksne og born. Far var med på å organisera desse leikane eit år og gledde seg stort til potetløpet: Han hadde greitt å dela ut ei potet med skei til ei rund og triveleg kone på over sytti år. Han rekna med at det ville verta eit løp med ellevill stemning. Dessverre skjøna kona fort at det ville gje meir publisitet enn ho trong, og greidde å gje poteta og skeia vidare til eit ungt menneske. – Elles har eg lite gode minne frå 17. mai toget som gjekk frå Sjøstova og opp til skulen, truleg i 1947. Det var bratte bakkar, men læraren venta at vi song av full hals også i motbakkane. Han kom jamvel stigande opp og ned langs toget for å sjå etter at borna song skikkeleg.



I vaksen alder har eg ofte hatt ansvar for å organisera 17. mai tog ved norske utanriksstasjonar. Eg har alltid tenkt attende på motbakkane på Borgundøy og prøvt å ordna det slik at vi skulle syngja berre på flat mark eller i unnabakkar.

## Diverse

Tunet på Nordhus-garden, der Pål og Marie Nordhus hadde leiinga, spela ei sentral rolle for søstrene mine og meg. Siri og eg gjekk dit dagleg for å henta melk og var alltid litt redde for at dei frittgåande kalkunene åt Pål skulle gå til åtak. Eit alelam, Svarteper, vart etter kvart svært aggressivt og stonga meg ein morgon kontant over ende. Eit par dagar seinare spurde Einar, bror til Pål, om eg ville sjå att Svarteper. Eg meinte at eg laut våga det. Einar tok meg bort til eit av uthusa. Der løfta han opp ein stamp med blodige innvollar!

Tre-fire andre personar bør kanskje verta nemnde serskilt: Serine, mor til Pål og Einar, var eit hjartevarmt og sosialt menneske som alltid tok svært vel imot oss borna. Ho vitja ofte mor i Ølen då vi hadde flytta dit. Rolf, ein av sønene, hadde vore med i Shetlands-gjengen under krigen og budde mykje heime, visstnok på grunn av ein vond rygg. Han gav ein god del av tida si til oss born og rettleidde oss i leik og moro. Ein gong ville han jamvel læra meg å boksa, men eg var nok litt for ung til det. Han imponerte meg stort ved sjølv å knusa ei svær, frisk potet med eit einaste slag av knyttneven. På det nordlegaste bruket på Nordhus, Landa-bruket, hadde Knut Landa nesten alltid tid for meg. Noko av det gildaste eg visste, var å få sjå i kikkerten der. Vi smågutane fekk stundom også vera med inn der til kaffi/mellommat eller «nón» som dei sa til vanleg. Først i vaksen alder gjekk det opp for meg at dette ordet truleg var ein arv etter munkane på Halsnøy Kloster. («Nón» har samanheng med talet ni på latin og står for den niande timen, rekna frå klokka 6 om morgonen.) Nede på bruket åt

Paul Nordhus vart eg ein god ven med sonen Nils, som var noko yngre enn eg. Kvar fjortande dag var det den reine festdagen heime hjå Nils. Då hadde foreldra kjøpt vekeblad (som kom berre kvar andre veke p. g. a. papirrasjonering), og vi gjekk igang med å stava oss igjennom teikneseriane, serleg «Tarzan» og «Knoll og Tott». I lensmannsgarden fekk vi berre «Urd», eit seriøst kvinneblad. Mor kunne ein sjeldan gong la seg freista til å kjøpa «Alle Kvinners», men dei to blada kunne på ingen måte konkurrera med «Hjemmet», «Illustrert» og «Norsk Ukeblad» når det gjaldt spanande teikneseriar.

Dyrelivet på og ved øya var eit lite kapittel for seg. Som åtte-åring såg eg ein mår i fullt sprang i haugen ovanfor lensmannshuset. Jamvel inne i Fjelbergsundet kunne det koma niseflokkar på 15–20 dyr. Og på ferda mellom Fjelbergsundet og Ølensfjorden kunne vi stundom sjå flokkar på 50–100 makrellstørjer som jagde fisk og hoppa opp or sjøen. Det var eit fantastisk syn når dei sølvblanke, svære størjekroppane sprang opp i lufta i strålende sommarsol. Det var eit livleg brislingfiske om sommaren. Ein gong talde eg meir enn 30 fiskefartøy på sjøen mellom Breivik og Sæbøvik.

Alt i alt står Fjelberg-åra for meg som den beste tida i livet. Årsakene kan vera fleire: Det var eit roleg samfunn der vi born meinte at vi kjende alle og kunne vera trygge på alle. Det var samstundes eit samfunn der utfordringane var vel avpassa etter evner og lyster hjå ein 6–9 år gamal gut, og der forventningspresset var moderat. Det var eit liv i svært nær kontakt med natur og dyr. Etterpå har eg også tenkt at dei vaksne kanskje var letta og glade over at okkupasjonstida var slutt, og let denne gleda farga kvardagen for oss alle. Den «kalde krigen» hadde enno ikkje for alvor sett inn med ny krigsfrykt og atombombeangst.

*Oslo, 19. juni 2008.*

*Sigurd Endresen*



Ekstremспорт på 1930-tallet

## Tjerand Aske tok «snarveien» over Fonna - dels på ski og dels på sykkel!

*Truls Grung*

Det var like over nyttår i 1931 at den 25 år gamle Fjelbergbuen, Tjerand Aske, foretok den dumdristige turen over breen. En tur som skulle være med å gjøre ham til en legende i levende live. Men dette var ikke første gangen han utfordret breen og vakte oppmerksomhet.

Året før, 18.februar 1930 kan vi i lokalavisen «Hardingen» under overskriften «Ei djerv ferd» lese:

*«Tjerand Aske frå Fjelberg i Sunnhordland har vore i arbeid på Kvitno i vinter. Fyrre sundag gjekk han yver Folgefonna til Mauranger, mott åleine. Komen midt på Fonna fekk han skodda på seg, men heldt likevel fram og kom ned til Nordrepollen yver midnatt. Etter å fenge seg mat der, tok han på veg samme natta til Austrepollen, for å få tak i telefon. Å gå Nordrepollen og Austrepollen i Mauranger, er enda verre enn å gå yver Rebjørg her i Sørfjorden. I det minsto hermer dei etter han, at dette var det verste på heile turen. Det er ikkje so mange som har*



Fotodokumentasjon: selvtløser opptak av Tjerand Aske på Folgefonnen januar 1931. Det fyres under kaffekjelen» 1585 moh.



Tjerand Aske i robåten sin på Sæbøvik tidlig i 1970-årene. Han hadde hentet seg en sekk mel. (Foto Knut Hass)

fare over Folgefonni dette årsbel, so me meinar det var godt gjort. Endå fins det ein og annan med gamalt Nordmannsblod.»

Tjerand Aske var vant til å gå i fjellet både på tur og på sauesanking. Han kvidde seg ikke for å ligge ute selv på vinters tid.

Det året han blir omtalt i avisen var han dreng hos Jacob Kvitno i Odda. Han hadde lagt igjen en lapp om at han tok seg en tur på Fonna. Da folk ikke hadde hørt fra ham en stund ut på kvelden var de klar til å forberede en bergingsaksjon. Det var således i siste liten det kom telefon fra Autrepollen om at friluftsmannen var vel i hus. Riktignok på andre siden av Fonna!

## En bygdeoriginal

Folk som kjente Tjerand Aske beskriver ham som et naturmenneske. Han likte utfordringer og mang en gang spilte han med livet som innsats. Han var tett knyttet til jorden, fjellet og sjøen. På mange måter var han en einstøing og ble av mange oppfattet som en original.

Han nærmest hadde et indiansk uttrykk, slik jeg selv husker ham, når vi traff ham på slutten av 1970-årene på fergen fra Leirvik til Fjelberg. Barnene våre var litt redd ham,

der han gikk og pratet for seg selv eller lå og sov på fergebenken. Han må ha vært rundt 70 år den gang, brunbarket i ansiktet og med langt hår. Klærne var uflidde. De sa at han bodde sammen med sauene i nøstet på Aske etter at husene på gården hadde begynt å falle sammen. Det var ikke fritt for at det luktet høy og sau av ham, så historien var kanskje riktig.

Men Tjerand Aske var et sammensatt menneske. Arbeidsbøkene fra jordbrukskolen og tegningen av det fremtidige bruket på Aske vitner om flid og store planer. På gårdsplanen for Aske har han i 1931, foruten frukttrær og grønsakhage, også tegnet inn en krocketbane!

Han hadde, som folk sa, et godt hode og tilegnet seg etter vært store kunnskaper. Han drømte nok om høyere utdanning. Men det ble aldri med studier ut over jordbrukskolen.

Han kunne være folkelig og opptre som gentleman også. Det har Knut Hass levende beskrevet etter et intervju på Rosendal Fjordhotell i begynnelsen av 1970-årene. Han skulle holde foredrag om de mange turene han gjorde i ungdommen. Det var ikke et knyst å høre fra den store publikumsskaren mens han fortalte.



Fra «Tjerand Aske-utstillingen» i Bispestova, Fjelberg prestegard.

## De stivfrosne sokkene måtte skjæres av føttene

Tjerand Aske var en forteller av rang. Han gjorde den legendariske turen tidlig i januar 1931 så levende og interessant at folk klart kunne se for seg 25 åringer som gled på ski over den vinterkalde breen i måneskinn. Sykkelen hadde han på ryggen og fotoapparatet og kaffekjelen hadde han i sekken.

Lokalavisen «Hardingen» hadde følgende reportasje 8.januar dette året:

«I fjor hadde me melding om ein gut, Tjerand Aske, frå Fjelberg som åleine for yver Folgefonni frå Kvitno til Mauranger midtvinters. No har same guten gjort ein ny folgefonnaferd og ho er visseleg utan side-stykke. Han tok opp frå Rosendal mandagsmorgon, yvernatta på fonni, og kom tysdagskvelden rett ned Buarbreen til Buer. Dette er i seg sjølv ei uvanleg hending, men karen dro både ski og sykkel med yver fonni, og det er sikkert eineståande. Turen frå Rosendal til Odda er om lag tri gonger

so lang som frå Mauranger og yver. Me veit forresten ikkje om folk fortener ros eller ris for slike dumdristige tiltak».

Fra Rosendal hadde han dratt inn Muradalen og oppover det bratte Ringelike måtte han nok bære både sykkelen og skiene. På breen hadde han syklet åtte kilometer. Dette kunne han registrere fordi han hadde kilometerteller på sykkelen. Som den foregangs- og friluftsmann han var ville han gjerne også dokumentere enkelt-situasjonene under ferden. Med snor til selvtløseren på fotoapparatet foreviget han både kaffekokingen og sykkelbøren på breen.

Aske fortalte til Knut Hass at han hadde sokkebytte med seg og et sted midt inne på breen satte han seg ned for å ta på seg nye sokker. Da måtte han ta frem kniven for å skjære av seg de gamle sokkene. De var stivfrosne!

Målet for turen var å komme tilbake på Jordbruks- og Frukdyrkingsskolen på Utne etter endt juleferie. Fra Buer syklet han ned til Odda og derfra videre ut til Børve, hvor han fikk en mann til å ro seg over til Velure. Derfra kunne han sykle det siste stykket ut til skolen, som startet 6.januar.

Det var ikke vei mellom Aga og Velure den gang og det var et ganske langt stykke å ro. Vagleik Fagertveit forteller at Tjerand Aske, etter skyssen, hadde oppgitt at han dessverre ikke hadde penger på stående fot, men at han skulle sende de senere. Dette glemte Tjerand i første omgang og skysskaren fant det enklest å sende regningen til skolen. Styreren på Jordbruks-skolen den gang het Skarstein og han var ikke nådig når det gjaldt uorden i penge-saker. Tjerand fikk seg en hard oppstrammer. Etter sigende tok ungdommen dette med godt mot. Men hvordan det gikk med skyssgodtgjørelsen vet vi ikke.

Det ble sagt at Tjerand ikke merket seg spesielt ut fra de andre elevene på jordbruksskolen. I utstillingen på Fjelberg pres-



Utstillingen i prestegården er omtalt i boken *Folgefonna*.

tegard kan du i dag – tillegg til sykkelen og skiene – også se en av skrivebøkene hans. Det er tydelig at han var nøye med å notere alle de ulike fruktsorten som var en del av pensum på skolen den gang.

## Forfall

Det er ikke alle drømmer som går i oppfyllelse. Kontrasten er stor når vi ser tegningen av fremtidsgården på Aske, slik unggutten på jordbruksskolen drømte om, og forfallet han måtte se i øynene på slutten av livet. Når våningshuset datt ned flyttet han ned i nøstet, sammen med sauene sine. Knut Hass, som lærte mannen godt å kjenne, mener at noe av forklaringen var at han ikke hadde noen som «skuva på». Han tok den tiden han trengte – til turer i fjellet og langs strendene. Han rodde ofte lange strekk over fjorden – til Leirvik, Ølen og Sæbøvik. De mente han grublet mye over livets gåter. Og gårdsarbeidet kom ofte i annen rekke.

At friluftsmannen Tjerand valgte å leve sine siste pensjonistår i Oslos underverden kan vi bare undre oss over. Han livnærte seg av å samle flasker og bodde blant uteliggere. Men han smakte ikke alkohol. Og han beskrives som en hedersmann med høy moral og gode tanker til det siste.

# Koleragraver

## Nordhusvågen, Fjelberg

*Sigurd Endresen*

Vegvaktar Kristoffer Tvette, Fjelbergøy, («Tveita-en» i daglegtale) fortalde i siste halvdel av 1940-åra far min, lensmann Harald Endresen, om nokre menneskelik som han hadde funne i jorda. Dei verka så livaktige at han helst vart skræmd. Som gut budde eg i 3 år på øya, og eg har sidan undra meg mykje over det vesle eg hadde høyrte om «Tveita-ens» oppleving. Gardbrukar Knut G. Landa har nyleg fortalt meg kva som låg attom hans ord. Dersom ein held dette saman med opplysningar i bygdeboka for Fjelberg, vert det ei interessant lita soge:

Ifølgje Knut var det i hans tidlege barndom tre humpar eller tuver i bakken nede ved steingarden mot Nordhusvågen. Dei låg på innmarkssida av steingarden, nær ein liten bekk som renn ut i vågen, og det vart sagt at dette skulle vera koleragraver. Erik Landa, far åt Knut, hadde lyst til å nytta også denne delen av garden på effektiv vis. Han snakka med sokneprest Sverre Aarseth kort tid etter at han kom til øya (1937), og presten meinte at ein burde undersøkje om dette verkeleg var graver. I så fall kunne leivningane gravast opp og leggjast i jorda att på den eigenlege kyrkjegarden. Dette skapte litt uro blant folk, som ottast at kolera-smitte kunne koma opp og spreia seg på øya. Medisinsk ekspertise vart rådspurd, og svaret var at det ikkje ville vera smittefåre så lang tid etterpå.

«Tveita-en» og ein annan fjelbergbu vart leigde til å grava opp dei små haugane. I den eine grava kom dei etter ei stund ned til eit solid kistelok, men dermed vart det nok for arbeidskameraten åt «Tveitaen». Han

pakka saman og gjekk heim. Dette orka han ikkje å vera med på. «Tveita-en» heldt fram og avdekte ei grav til. I den tredje tuva fann han ingen ting. Det viste seg at den kista som hadde brukande lok, var av eik. Mykje skal ha vore vel bevart, såleis var det ei pute under hovudet åt liket. Knut protesterte ikkje då eg sa at «Tveita-en» hadde nemnt for far at kroppane delvis hadde både hud og hår. Knut la til at han og andre gutungar hadde prøvt å få sjå ned i gravene på menneskerestane, men vart stogga av «Tveita-en». Han hadde gitt beskjed om at «det er ikkje noko å sjå på!». Det heitte seg at lika hadde vorte gravlagde der ca. 90 år tidlegare. Ein gamal kar som vart kalla «Kris» og budde på nordre Nordhus, kjende litt til lokale gravskikkar i sin barndom og ungdom, og vart rådspurd om kistekonstruksjonen av presten då dei to gravene vart opna. Til sist vart menneskerestane samla i kassar og køyrde til kyrkja på den andre sida av øya. Knut sjølv styrde hesten den gongen. Restane vart gravlagde på nedsida (sørsida) av kyrkja.

Fjelberg-bandet i bygdeboka for Kvinnherad (jfr. Anders Havelid: Kvinnherad Allmennsoga gards- og ættesoga Band 5 Eid og Fjelberg sokner. 1992 Kvinnherad kommune) kastar meir lys over desse koleragravene. I avsnittet om Fjelberg prestegard, Parishamn, er det nemnt at husmannen der, Mikkjel Torsteinsson Sæbø (1796–1849) «var blant dei som strauk med i koleraepidemien i 1849 saman med Simon Mortensson Dyrnes. Det fortelst at dei låg sjuke ombord i eit farty i Fjelberghamn, og at dei rodde ut mat til dei. Begge lika vart gravlagde nær Jørnsplasset ved Nordhusvågen, – – – .» Det var 2 søner og 3 døtre etter Mikkjel. Det ser ikkje ut til å vera opplysningar om etterkomarar etter Simon Mortensson (1823–49). Han var frå naboøya Borgundøy og var ung då han døydde.

Den «Kris» som vart rådspurd om likkistebygging i gamle dagar, må ha vore Kristen Olsson Løvik (1855–1943), nemnd under bnr. 1 på Nordhus i bygdeboka.

Det er god grunn til å rekna med at det eldste liket som «Tveita-en» gravde opp, var restane etter oldefar åt *kona* hans, Gurine Tea Olsdotter, f. 1896. Han ordla seg ikkje for far min på ein slik måte at ein skulle tru at han tenkte på slekt og familie i samband med gravinga si. Dersom bygdeboka er rett, kan det likevel ikkje vera tvil om at Mikkjel Torsteinsson Sænbø var oldefar til Tea, og at han budde på nett same staden som «Tveita-en» og kona hans: Mikkjel hadde sonen Torstein Mikkjelsson (1822–1911). Han var skomakar, fekk skøyte på det vesle bruket og var gift med Guro Olsdtr. Vik. Dei fekk mellom andre sonen Ola Torsteinsson (1855–1924), som vart gift med Marta Torsteinsdtr. Dyrnes (1862–1946). Dei fekk ei dotter, Gurine Tea, som vart gift med Kristoffer Tvette frå Fitjar. Dei budde i Hamn, og eg var som barn eit par gonger heime hjå dei. Eg hugsar Tea som ei uvanleg fin og finsleg kvinne. Dei fekk ingen born, og denne lina etter koleraofferet Mikkjel døydde såleis ut med henne.

Men det var fleire andre liner etter Mikkjel. Ei dotter av han heitte Kari og vart gift med Ola Johannesson Blokhus. Dei fekk mellom andre sonen Mikal Olsson (1841–1916), gift med enka Kristi Holgersdtr. Økland (1840–1916) i 1869. Sonen deira, Mikal Johan Blokhus, f. 1883, var ein av dei faste skysskarane for presten de Seue i Fjelberg.

Knut fortalde elles at det hadde vore ein steingard kring dei to små gravhaugane, med inngang frå sjøsida. Steinen vart teken bort og køyrd ned til vågen, der han seinare har vorte murd opp som eit lite vern for jorda mot sjøen. Knut nemnde at det var mykje leire i jorda der dei to lika vart funne. Dette kan vera årsaka til at dei var så vel konserverte. Knut kjende ikkje til andre koleragraver på Fjelbergøy eller Borgundøy. Han hadde høyrte om eit par graver i Hamn etter ei pest, men dei skulle ha vore mykje eldre og hadde ingen samband med koleraepidemiar, så vidt han visste. Knut la til at det skal vera koleragraver på «Sjo'ongjo» (Sjo-angen). Bygdeboka stadfester dette og nemner dessutan kolerakyrkjegarden Toftehagen, truleg



*Kolerakirkegården i Nordhusvågen på Fjelberg.*

på garden Tofte. Begge desse gardane er på naboøya Halsnøy. Bygdeboka fortel også at den mannen som rodde ut mat til dei kolerasjuka i Hamn på Fjelbergøy, ikkje vart smitta, og at han sjølv meinte at «han berga seg fordi han togg tobakk på harde livet».

Vi kan berre spekulera over årsaka til at Mikkjel og Simon vart smitta av kolera. Det faktum at to menn frå to gardar på to ulike øyar vart smitta, og at dei var ombord i eitt og same fartøy, kan tyda på at dei var reiste på fiske saman. Inkubasjonstida for kolera er til vanleg 1–5 dagar, og dødsfrekvensen var gjerne 30–70%. Når sjukdomen slår til i ein person, har han ei akutt utvikling. Vi kan kanskje gissa at dei to hadde vorte smitta under vårsildfisket lenger ute på kysten, der store grupper fiskarar var samla i fiskevær med dårlege hygieniske tilhøve. Dei må sjølve ha skjønna kva sjukdom dei hadde, og gjekk ikkje i land då dei kom attende til Mikkjels heimstad.

Det ser ut for at dei dermed greidde å forhindra ein koleraepidemi på Fjelbergøy og Borgundøy. Det er i denne samband interessant å samanlikna med koleratilfella på Halsnøy, jamfør ovanfor, og i Ølen og på Bjoa, som låg i same prestegjeldet. Eg har i min ungdom vitja kolerakyrkjegarden på Bjoa, og i min barndom leika eg blant gravtuvane på den nedlagde kolerakyrkjegarden ved Os-elva på Austre Eio i Ølen. Eg trur at det på Bjoa var 10–12 graver, og at det i Ølen var 15–20. Kanskje skuldar Fjelbergfolket ei lita takk til Mikkjel og Simon for deira omtanke midt i den alvorlege sjukdomen?



*Brekke oppvekstsenter arrangerte adventstilstelning før jul.*



Bak stiftelsen Fjelberg Prestegard står:  
FORENINGEN TIL NORSKE FORTIDSMINNESMERKERS BEVARING • FJELBERG BYGDALAG  
KVINNHERAD KOMMUNE • HORDALAND FYLKESKOMMUNE

---

Adresse: Stiftelsen Fjelberg prestegard, 5459 Fjelberg • [www.fjelbergprestegard.no](http://www.fjelbergprestegard.no) • e-post: [truls.grung@kraemmerhuset.no](mailto:truls.grung@kraemmerhuset.no)